

# Arbeidsplan for VIL ski 2017

## Hovudmål

Skape skiglede og leggje til rette for utøving av langrennssporten for personar i alle aldrar og på alle nivå.

## Delmål

1. Skape gode treningsforhold for breidde og topp.
2. Flest mulig løparar i Storfjordlangrenn.
3. Søke om å arrangere Midtnorsk mesterskap 2018
4. Halde økonomien i pluss.
5. Halde same nivået på breidde i arrangement (skikafe, skirenn, trening)
6. Løfte fram helsebringande naturopplevingar og klubbhuset som ein hyggeleg møteplass i skisesongen.

## Korleis - kvar må innsatsen setjast inn for å nå delmåla og for så vidt også hovudmål

**Rekrutteringsarbeid:** varierte treningar på barmark og snø frå 6-årsalder, instruktørar med kompetanse, samarbeid med naboklubbane, utlån av skøyteski og rulleski, delta på Stordalssamlinga, tilby skiinstruksjon i kroppsøvingsfaget på skulen, skape eit godt og triveleg sosialt miljø for både barn og foreldre, skiteknikkurs og smørekurs for foreldre, smørehjelp på skirenn, ha det kjekt i lag.

**Lysløypa:** halde fram med det gode arbeidet som trakkemaskingruppa og tilsynsgruppa for lysløypa har lagt ned.

**Arrangement:** halde same nivået på arrangement som tidlegare år.

**Skiskyting:** Arbeide vidare med trening og anlegg for skiskyting

## Kva - kva konkrete tiltak må setjast i vert knytt til kva område som må ha ekstra fokus for å nå måla. Tidsperiode maks 1 år.

<b>Kva</b>	<b>Kven</b>	<b>Når</b>	<b>Gjennomføring</b>
Ski i skulen	VIL/ Valldal skule	2017	Skulen avgjer kva klassar som får tilbodet
Skiteknikk-kurs for vaksne	VIL ski	vinter	3x2 t
Smørekurs	VIL ski	årleg	2 x pr sesong
Ski til utlån 6-12 år	VIL ski	årleg	Kontinuerleg
Skiskyttarskule	treningsnemnda	Haust 2017/ etter behov	
Treningssamling	treningsnemnda	September og November årlig	Fredag-søndag
Treningsdag	treningsnemnda	nov - des	en dags samling med to treninger. Soneklubbene innviteres
Open dag skiskyting/VM	treningsnemnda	Vår 2017	
Få fleire til å delta på lokale renn	VIL ski	2017-2018	Kontinuerleg. Informere og invitere. Smørehjelp.
Skikveld for	VIL ski	2017-2018	

seniorar/alle			
Innetreningar	treningsnemnda	Haust	Ein gong i veka i idrettshallen. Frå 10 år.